

	Søkjjar	Søknads- sum NOK	Tilråding NOK	Grunngjeving - Fylkesrådmannen sine kommentarar	Prosjektnamn (type søknad)	Tiltaks- område	Om prosjektet (ifølgje søkjjar) - fornyng - utfordring	Totale utgifter NOK
1	Baroniet	200 000	100 000	Baroniet i Rosendal har vist målretta satsing innan sine fagfelt, noko museumsevalueringa også viser til. Fylkesrådmannen rår til at Baroniet får midlar til digitale utstillingar, då dette vil nyttiggjere investeringane som er gjort. Dette er ei vidareføring av prosjektet som fekk tilskot i fjor. Midlane som vert løyvd, går til utarbeide utstillingskonsept.	Formidlings- og forskingsstrategi Baroniet Rosendal 2017-2021 -Nye digitale utstillingar Museet søker aleine	B	Ei tildeling vil sikre framdrift i formidlingsstrategien til museet og gjere det mogleg å lage nye utstillingar. Det er ei vidareføring av fornyingsprosjektet knytt til av formidlinga ved Baroniet for å kunne nå nye brukargrupper og nyttiggjere investeringane som er gjort i det digitale formidlingssystemet.	262 500
2	Bergens Sjøfarts-museum	600 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Museet har heis som skal kontrollerast hausten 2018. Dersom ein konkluderer at heisen må skiftast ut, rår administrasjonen til at søkjjar nyttar andre offentlege tilskotsordningar knytt til universell utforming. I samband med det større oppgraderingsprosjektet vil Fylkesrådmannen vurderer museet sin søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar.	Modernisering og oppgradering av Bergens Sjøfartsmuseum, deltiltak heis. Museet søker aleine	A	Museet sin heis vart installert i 1961. Det er berre ein heis i bygget og vert brukt både i drift og til frakt av publikum. Norsk Heiskontroll anbefalar at heisen vert utbetra slik at den tilfredsstiller dagens krav. Heisen skal kontrollerast hausten 2018. Ny heis er eit av fleire tiltak i museet sitt arbeid med å modernisere bygg og i utstillingar fram mot museets 100-års jubileum i 2021+. Samla sum til modernisering er estimert til ca. 28 millionar kroner.	1 000 000
3	Bymuseet	450 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Hordamuseet har over dei siste åra hatt ei negativ besøksutvikling. Museet meiner dette kan ha samband med ein utydeleg profil og uklar posisjon som museum, bygningsmasse av ulike karakterar og arkitektur, ikkje optimal logistikk og infrastruktur. Fylkesrådmannen er positiv til søknaden, men vil tilrå at Bymuseet vidareutviklar prosjektet med bakgrunn i ei grundigare utgreiing av moglege samanhengar. Fylkesrådmannen prioriterer at Bymuseet i 2018 får tilskot til søknaden som dei har i lag med Bevaringstenesta, «Utprøving av metode for omorganisering av	Helheltig utviklingsplan for Hordamuseet Museet søker aleine	A	Museet ynskjer at Hordamuseet vert utvikla til eit sterkt kunnskapssentrum som er relevant og bærekraftig. Ein vil kartlegge korleis tradisjonshandverk og bygningsvern kan løftast og integrerast inn i ei heilskapleg utvikling. Hordamuseet har over dei siste åra hatt ei negativ besøksutvikling. Dette kan ha samband med at museet har ein utydeleg profil og uklar posisjon som museum. Hordamuseet har bygningsmasse av ulike karakterar og arkitektur, ikkje optimal logistikk og	550 000

				eksisterande museumsmagasin», då dette prosjektet vil ha stor overføringsverdi og samstundes har relevans for vidareutvikling av Hordamuseet.			infrastruktur.	
4	Hardanger og Voss Museum	1 338 950	1 276 950	Fagskolen i Hordaland har nyleg fått godkjent faget «Klassisk restaurering og bygningshandverk» av NOKUT og museet har revidert sin «Museumsløftsøknad» i samband med dette. Fylkesrådmannen tilrår tilskot til investering for etablering av læringsarena for fagskuleutdanninga «Klassisk restaurering og bygningshandverk», samt utvikling av forprosjekt til å utgreie regional læringsarena på Vestlandet for vidare og etterutdanning (Bachlor, Master, PhD). Fylkesrådmannen meiner at prosjektet vil skape synergjar og styrkje allereie etablerte infrastrukturar, handverks- og kompetansmiljø. Tiltaket er prioritert i regional kulturplan; Tiltak 22F: <i>Styrkje vidaregåande opplæring innan tradisjonshandverk</i> og tiltak 22C: <i>Etablere bygningsvernssenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar</i> . Fylkesrådmannen tilrår ikkje at ein nyttar tilskot frå «Museumsløft» til drift, då dette må dekkast mellom Fagskolen i Hordaland og museet.	Etablere læringsarena for fagskuleutdanninga «Klassisk restaurering og bygningshandverk» Museet søker aleine	A	Etablering av læringsarena for fagskuleutdanninga «Klassisk restaurering og bygningshandverk» i Kulturnaustet på Hardanger Fartøyvernssenter. Forprosjekt: utgreie regional læringsarena for NTNU påbyggningsfag i faget «Tradisjonelt byghåndverk og teknisk bygningsvern».	1 338 950
5	KODE	625 000	625 000	Fylkesrådmannen tilrår tiltaket då det er eit innovativt miljøprosjekt som vil kunne bidra til å fornye utvikling og formidling av Lysøen.	Ny båt til Lysøen - finansiering av kaianlegg. Museet søker aleine	A	Atkomst til Lysøen kan kun skje med båt. Dagens passasjerferge må byttast ut. Publikumsbesøket på Lysøen har ei jevn auke, både for å besøke villaen, men og for å ta i bruk friluftsområda på øya. Båten vil gje betre universell adkomst til Lysøen, ha fokus på sikkerhet for passasjerar og gje auka publikumskapasitet. Båten vil i tillegg kunne brukast til formidling over kortare og lengre turar i nærområdet, og på den måten styrke inntektsgrunnlaget for	2 335 000

							Ole Bull Museum Lysøen. Slutt-finansiering av kaianlegget Heile prosjektet har ei ramme på 26 mill (støtte fra KUD 15 mill, Os kommune 2 mill)	
6	Kraft-museet	850 000 (over 3 år)	250 000	Fylkesrådmannen vurderer at det er viktig å få gjort arkivet til Boliden tilgjengeleg særleg for forskning og formidling av industriarven i regionen, men og i høve til å få det bevart for ettertida. Då SINDARK ligg på Smelteverkstomta, er prosjektet og med på å vidareutvikle Odda sentrum. Fylkesrådmannen rår difor til at museet får midlar til dette.	Boliden-arkivet Museet søker aleine	B	Tildelinga vil gjere at Kraftmuseet si avdeling SINDARK (Senter for Industriarkiv) tek vare på og gjer tilgjengeleg eit særst viktig industriarkiv i regionen. Arkivet har før ikkje vore tilgjengeleg for nokon, heller ikkje for Boliden sjølve. For SINDARK og Boliden vil det vera eit stort framsteg å få hand om arkiv frå ei stor og viktig verksemd som leverer til verdsmarknaden. SINDARK ligg på Smelteverkstomta i Odda, og satsinga på SINDARK inngår i museet sin strategi om å auka aktiviteten i Odda sentrum. Det er museet sitt viktigaste fornyingsgrep.	2 800 000
7	Kvinnherad kommune	500 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Søknaden fell utanfor tilskotsordninga sine kriterium og retningslinjer, då tiltaket omhandlar styrking av eit kommunalt museum og ikkje regionalt ansvarsmuseum.	Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga. Museet er eit kommunalt museum som søker aleine	A B	Etablering og driftssamarbeid med Folgefonnsenteret opnar mulighetene for Kvinnherad kommune til ei heilt ny satsing på Skaalurensamlinga, der mulighet for auke i tilgjengelegheit og opningstider er ein viktig del. Prosjektet handlar om å revitalisere og fornya utstillinga slik at samlinga i større grad vert tilgjengeleg og relevant for målgruppene både i høve til innhald og opningstider	7 620 000
8	Laksevåg Kultur Historiske Forening	178 000 (får kommunal stønad)	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Søknaden fell utanfor tilskotsordninga sine kriterium og retningslinjer. Fylkesrådmannen rår til at Laksevåg Kulturhistoriske	Oppgradering og vedlikehald av vårt museum. Museet søker aleine	A D	For å forhindre mitangrep i treverk, må det installerast varmpumper i bygningar som har fått mitangrep. Dette er ei særleg utfordring for oss.	178 000

		årlig 400 000)		forening sender inn søknad til den regionale tilskotsordninga for verna kulturminne via kommunen.				
9	MuHo (Bev)	150 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Søknaden fell utanfor tilskotsordninga, då ein berre kan gje støtte til tiltak som er tidsavgrensa og som kan rapporterast innan 3 månader etter utført tiltak. Fylkesrådmannen rår til at Samlingsrådet vurderer å få oppretta eit eige fond til dette føremålet.	Bufferkonto for dokumentasjon v. plutselig nedlegging av industriverksemder Bevaringstenestene søker på vegne av Samlingsrådet til dette prosjektet. Det er ikkje søkt om midlar andre stader	B D	Det vil bidra til å få dokumentert avslutta verksemder vi pr. i dag ikkje kan prioritera innanfor våre egne budsjett Vil styrkje dokumentasjonsgraden for verksemder i Hordaland og - dokumentasjonskunnskapen i dei konsoliderte musea	150 000
10	MuHo (Bevaringstenestene)	900 000	700 000	Fylkesrådmannen meiner dette er eit godt tiltak, då dette metodiske arbeidet vil gje verdifull kompetanse til Bevaringstenestene og Bymuseet. Det vil og ha stor overføringsverdi til dei andre musea. Det vil bli gjeven midlar frå «Museumsløft 2018» til prosjektmedarbeidar og magasininventar.	Utprøving av metode for omorganisering av eksisterande museumsmagasin Museet søker saman med Bymuseet i Bergen	D	BEV vil delta på ein internasjonal workshop for å prøva ut verktøy for omorganisering av magasin, og har søkt samarbeid med Bymuseet for å prøva dette ut i praksis. Prosjektet skal gi ei god utnytting av Hordamuseet sine nærmagasin, og betre oversyn over samlinga etter ein grundig dokumentasjons- og prioriteringsprosess. Dette vil føra til betra sikring mot brann, flaum, tjuveri og skadedyr, og gi eit godt utgangspunkt for å laga rutinar for krisehandtering. Arbeidet vil gi både BEV og Bymuseet verdifull kompetanse som har overføringsverdi til dei andre musea.	1 740 000
11	MuHo (Bev)	50 000	20 655	Fylkesrådmannen meiner dette er eit godt tiltak, då det vil gje verdifull kompetanse knytt til kva ein må gjere dersom det oppstår ei krise knytt til innbrot, brann og flaum. Tiltaket har stor overføringsverdi til dei andre musea. Det vil bli gjeven midlar frå «Museumsløft 2018» til å dekke reise og opphald til eksterne foredragshaldarar.	Temadag for Beredskapsgruppa for arkiv og museum i Hordaland	D	Temadag om beredskapsplanar for beredskapsgruppa for arkiv og museum i Hordaland. Korleis kan vi best mogleg førebu oss på ei krise som innbrot, flaum eller brann? Temadagen er eit ledd i å utvikle samarbeidet og heve kunnskapsnivået i gruppa	50 000
12	MuHo (Bev)	230 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag, men vurderer at intensjonen med	Ønska utviding og utvikling av Bevaringstenestene,	D	I dette prosjektet ønskjer Bevaringstenestene innspel	345 000

				<p>prosjektet er god, men må initierast av den nye fylkeskommunen etter regionreforma og når nytt museumslandskap er etablert.</p>	<p>fellestenestene for musea i Hordaland</p>		<p>frå musea om korleis dei ønskjer at vi skal utvide og utvikle oss på sikt. Ei slik undersøking vi gje oss ei rettesnor for korleis vi skal forbetre og spisse vårt tilbod både innanfor den ramma som er finansiert av offentlege midlar og innan oppdragskonservering.</p> <p>Tiltaket vil gje svar på kva retning Bevaringstenestene skal utvide og utvikle seg for framtida, og er ei oppfølging av Agderforskning si evaluering av museumsreforma i 2017.</p>	
13	MuHo	900 000	730 000	<p>Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet er særst viktig og må sjåast i samheng med målsetjinga om å komma opp på eit akseptabelt nivå med omsyn til vedlikehald av museumsbygg, jf. regional kulturplan. Det er særst viktig å få museumsbygg integrert i musea sin planar for samlingsforvaltning og få løfta bygningsvern som fagfelt. Eit digitalt FDV-system vil kunne hjelpe med oversyn over vedlikehaldsbehov både på kort og lang sikt og kunne bidra med å få til gode rapporteringssystem. Tiltaket må sjåast i samheng med etablering av læringarena for fagskuleutdanninga «Klassisk restaurering og bygningshandverk», jf søknad nr. 4. Prosjektet må og sjåast i samheng med bygningsvernkonsulentordninga ved museet. «Museumsløft 2018» vil dekke utgifter til prosjektleiing.</p>	<p>Oppfølging Museumsløft-Kulturhistoriske bygningar og bygningsvern ved musea i Hordaland</p> <p>Museet søker saman med andre Bymuseet i Bergen Museum Vest</p> <p>I tillegg til søknadssummen vil musea i Hordaland leggje inn tilsvarande sum i eigeninnsats inkl prosjektleiing (MuHo, Museum Vest og Bymuseet). Det kan også vera aktuelt å la prosjektet gå over to år 1.06.19 - 31.05.2020 (jfr vedlagt søknadbrev)</p>	A	<p>Viser til rapport 2018 Museumsløft, der føremålet er å gje eit dokumentert oversyn over vedlikehalds- og restaureringsbehov knytt til den totale bygningsmassen som musea i Hordaland forvaltar. Prosjektet vil mellom anna utvikle nytt FDV-system for bygningsvernarbeidet ved musea og utvikle langsiktige forvaltingsplanar for kulturhistoriske og freda bygg ved musea.</p>	900 000
14	MuHo	420 000	0	<p>Fylkesrådmannen tilrår avslag, men er positiv til søknaden og vil tilrå at ein vidareutviklar prosjektet med bakgrunn i ei grundigare utgreiing av moglege samanhengar.</p>	<p>Kulturarv skapar framtid - felles løft for tekstilsamlingar og kunnskapsarv</p> <p>Museet søker i lag med andre: Museum Vest</p>	B	<p>Vi ser særleg på samanhengen forvaltning og formidling og på samanhengen mellom samlingane våre og den immaterielle kulturarven. Det vil styrke tematisk samarbeide mellom dei konsoliderte</p>	870 000

					Hardanger og Voss museum MuHo Sunnhordland museum		musea, samstundes som vi konkretiserer og utforskar samarbeidet med frivillig sektor. Gjennom nye formidlingsaktiviteter på nye arenaer kan vi skape merksemd og nå fram til eit breiare publikum.	
15	MuHo	300 000	0	Fylkesrådmannen tilrår avslag. Søknaden fell utanfor tilskotsordninga sine kriteria og retningslinjer, då tiltaket omhandlar styrking av eit kommunalt museum og ikkje regionalt ansvarsmuseum. Fylkesrådmannen tilrår at Museumssenteret i Hordaland si kulturvernteneste bistår kommunen i prosjektet.	Utstilling på Fedje Museet søker alene i lag med kommunen	A	Fedje kommune har frå 2.juni 2018 for første gang hatt ei lengre utstilling der kommunen og historielag har samarbeidet: en tidsreise av torvhistorien til Fedje v/bilder og tekst, rekonstruert dolk, samt historiske gjenstadar. Utfordringa er drift. I år var det eit prøveprosjekt der kommunen brukte eigne midlar og lokale kommunen eig. Ideelt trenger kommunen midlar til å utvide: midlar til flere glasskap, bilderammer, maling, interaktiv skjerm. Midlar til å behandle filmklipp vi har (og ønsker å ta av) tidsvitner og lignende. Fedje har mange turister om sommeren og utstillingen i posthuset var godt besøkt.	300 000
16	Museum Vest	525 000	525 000	Fylkesrådmannen vurderer at Midthuset, med sin sentrale plassering vil kunne fornye formidlinga av verdsarvstaden Bryggen. Fylkesrådmannen rår difor til at museet får midlar til dette.	Portal til Det Nye Hanseatiske Museum Museet søker alene	A	Finnegården og Det Hanseatiske museum (DHM) er unik og knytt til verdsarvstaden Bryggen, sentralt plassert og ikonisk for besøkende til Bergen. Det er ei stor økonomisk utfordring for Museum Vest at Finnegården vert stengt i seks år. Billetinntektene ved DHM utgjør broparten av museets inntekt, og 75% av disse inntektene kjem frå besøkjande i Finnegården. Utfordringa ligg i å nå ut med den viktige og spennande historia om hansatida i Bergen	1 088 200

							til like mange besøkande frå ein mindre sentralt plassert, mindre ikonisk og mindre samlet museumsarena. Museet trur at Midthuset, med innvendig og utvendig tilrettelegging, kan fylle denne funksjonen. Tiltaket er eit ledd i oppbygging av ein ny arena for formidling av hanseatisk historie. Både gjenstandene, utstillingane, fortellingane og formidlingskonseptet vil bli annleis enn dei er i dag. Det er derfor sterkt fokus på fornying	
17	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	85 000	40 000	Fylkesrådmannen vurderer at det er viktig å få på plass eit godt samarbeid mellom kommunane og Sunnhordland museum, få avklart og synleggjort kva dei ulike partane bidrar med til kvarandre. Det er viktig at ein i strategiarbeidet legg til grunn gode medverknadsprosessar, særleg mellom Sunnhordland museum, kommunane og det frivillige samfunnslivet. Tiltaket bør sjåast i samanheng med kommunal planstrategi, kultur- og kulturminneplanarbeidet i kommunane. Strategi og tiltak må forankrast i kommunale handlingsplanar og i museet sine egne planar. Tiltaket har overføringsverdi til dei andre regionane i fylket. Ny kulturmelding og KS si satsing på kulturfeltet er relevant i dette arbeidet. Arbeidet er ei oppfølging av politisk vedtak gjort i FUV 03.05.2018: PS 105/2018. Det blir gjeven midlar frå «Museumsløft 2018» til å dekke ekstrautgifter knytt til reise og møteverksemd.	Kommunal museumsstrategi. Rådet søker i lag med Sunnhordland museum	A B E	Kommunane i Sunnhordland vil gjennom utarbeiding av kommunal museumsstrategi få avklart kva kommunane vil med museet, kva forventningar kommunane har til museet og avklare kva utviklingspotensiale Sunnhordland museum har. Ikkje minst vil eit fokus vera korleis kommunane kan arbeida for å vidareutvikla dette.	145 000
18	Sunnhordland museum	300 000	300 000	Fylkesrådmannen vurderer at dette er eit viktig tiltak, då det vil hjelpe til med å fornye formidlinga ved museet og tilrettelegge for nye brukergupper.	Tredelt satsing på maritim industrihistorie Museet søker aleine	B	Ei heilskapleg formidling av Sunnhordland si maritime industrihistorie, med utgangspunkt i ny innsamling og dokumentasjon av taus kunnskap og foto, blir unikt, og utgjør ei sterk fornying av	830 000

							<p>Sunnhordland museum sitt arbeid på dette feltet.</p> <p>Skal mellom anna gjere utstillinga tilgjengeleg på nett, kjøpe inn tenester innan design og filmredigering som vil gjere formidlinga moderne og "open" for unge brukargrupper, fullføre Touch-screen med oversikt over fiskerihistoria og den maritime industrihistoria, produksjon av eit nytt brettspel, samt bokprosjekt om emnet "Det starta med silda", der fleire foto og forteljingar kan få plass.</p>	
19	Sunnhordland Museum	120 000	0	Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet fell utanfor tilskotsordninga. Museet og kommunen vert oppmoda til å søkje andre tilskotsordningar knytt til mellom anna ålmenne kulturføremål, kulturell skulesekk m.m.	Olavsgildet på Onarheim for barn og unge Museet søker saman med Tysnes kommune	B	<p>Målet med prosjektet er å skape ei musikalsk og dramatisk fortelje framføring, med scener frå teaterstykket spelt av ungdommar frå Tysnes, og musikk framført av lokale musikarar og songarar. Utfordringane som ei tildeling vil løyse, er bearbeiding av manus, tid til innøving, reiser, nye notar, kostyme, lys og lyd. Skodespelet til Johannes Heggland "Olavsgildet på Onarheim" blei skriven i 1999. Kommunen ynskjer at stykket blir bearbeida og fornya på ein slik måte at det kan nå fram til barn og unge, og at det får ei meir moderne form for 2019.</p>	150 000
20	Sunnhordland Museum (SM)	750 000	0	Fylkesrådmannen vurderer at museet må løyse denne oppgåva innafor eksisterande stillingressursar og driftsmidlar, men vonar at museet har tett dialog med kommunane og Samarbeidsrådet. Prosjektet må sjåast i samanheng med søknad nr. 17.	Prosjektleiartstilling; Samhandling mellom Sunnhordland museum og kommunane Museet søker aleine	A E	<p>Prosjektstilling 100% ved SM. Få på plass gode samarbeidsavtalar med kommunane i høve til økonomisk tilskot frå kommunane til museet. Ein skal sjå på den økonomiske strukturen ved museet i dag og knytte dette opp mot Samarbeidsrådet og prosessen som er satt i gong frå kommunane si side. Samarbeidsrådet vil på</p>	750 000

							oppdrag frå kommunane kartlegge museet sitt virke i dei forskjellige kommunane. Viktig å jobbe frem ein fordelingsnøkkel mellom dei ulike kommunane (kommunen sin størrelse, regionsenter, innbyggjartall, vertsfunksjon etc.) Få på plass ein finansieringsplan for kommunale tilskot.	
	Sum	8 871 950	4 567 605*					23 402 650

* Museumsløft 2018 er i år på kr. 2 860 000. I tillegg vert det fordelt fondsmildar på kr. 1.707.605 til Museumsløft 2018.

Vedtak, kriterier og retningslinjer: Vedtekne retningslinjer, jf. KIRU 20.06.2017: PS 89/2017 og FUV 03.05.2018: PS 105/2018.

- Tiltak A: Styrkje musea i høve drift og investeringar
- Tiltak B: Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015
- Tiltak D: Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvalting
- Tiltak E: Tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige

Til rådvelde: Museumsløft 2018

Budsjett 2018: 2 860 000

Fondsmidlar: 1 707 605

Sum: 4 567 605